

visjon: SAMAN OM



# UTVIKLING OG VELFERD

OPEN

Me er opptatt av å samarbeide og medverknad  
Me legg vekt på god informasjon og kommunikasjon

## Administrativ leiing i Stord kommune

NYSKAPANDE

Me er resultat- og løysingsorienterte for å møte framtida  
Me legg vekt på samarbeid og endringsvilje

### ❖ Organisering

RESPEKTEFULL

Me er venlege og har omsyn for andre

### ❖ Medverknad

Me legg vekt på å vera raus, ansvarlege og saklege

### ❖ Møtestader

BRUKARORIENTERT

Me er opptatt av å møte og imøtekomande

### ❖ Roller

Me legg vekt på engasjement, tillit og god dialog



## **0 Innleiing**

Føremålet med dette dokumentet er å gje eit samla oversyn og rammer for faste administrative møte og møteplassar. Dokumentet inneber både formalisering av gjeldande praksis og ny organisering av sentrale leiarfunksjonar. Rådmannsteamet vert etablert som ny administrativ og politisk møtestad, og det vert ei ny organisering av arbeidet i rådmannen si leiargruppe.

Stord kommune er administrativt organisert etter ein to-nivåmodell, der einingsleiarane innanfor sine område er tildelt utstrakt mynde når det gjeld økonomi, personalforvaltning og forvaltning etter særlovgjeving. Rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar er organisert på line, medan økonomi og rekneskap, ikt, løn og personalarbeid er lagt i stab.

Det vart i 2017 gjennomført nokre justeringar i sentraladministrasjonen; mynde vart delegert til einingane via kommunalsjefane, og fagleg samordning/Utviklingsgruppa vart delt inn i tre (fire) fagavdelingar. Dette innebar ei meir hierarkisk organisering og tilbakeføring av element frå etatsmodellen, utan at ein forlét hovudprinsippet i to-nivå modellen, der myndiggjorte einingsleiarar er sentralt.

Føremålet med omlegginga i 2017 var m.a.:

- Ei administrativ organisering som speglar den politiske arbeidsdelinga
- Gjennomgåande organisering etter fag og meir tydeleg ansvarsdeling
- Leggja betre til rette for effektive arbeidsprosessar og fagleg samordning
- Betre informasjonsflyt Synleggjera fagleg inndeling og ansvarsområde og oppgangen mellom stab og line, i større grad tilpassa den formelle organiseringa til korleis ting faktisk fungerer

Dette er framleis viktige ambisjonar. Samstundes som Kultur- og verdiplakaten med visjonen Saman om utvikling og velferd skal vera styrande for utøving av leiarskap i Stord kommune.

Ordninga vert gjort gjeldande frå og med i dag.

Stord, 3. mai 2021

Magnus Mjør  
rådmann



## **Innhald**

0	Innleiing.....	2
1	Saman om utvikling og velferd .....	4
1.1	Arbeidsgjevarstrategi 2020-2025 .....	5
2	Møtestruktur.....	6
2.1	Rådmannen si leiargruppe .....	6
2.2	Rådmansteamet .....	7
2.3	Einingsleiarmøte .....	7
2.4	Trepartssamarbeidet, «Saman om» .....	7
2.5	Samarbeidsmøte med hovudtillitsvalde .....	8
2.6	Kommunal kriseleiing (KKL).....	8



## 1 Saman om utvikling og velferd

Stord kommune sin overordna visjon Saman om utvikling og velferd kjem til uttrykk i kommunen sin Kultur- og verdiplakat. Ei revidert utgåve av plakaten vart vedteken i Driftsstyret i 2016 etter ein brei prosess. I rådmannen si saksutgreiing til Driftsstyret heitte det m.a.:

«Stord kommune sin kultur- og verdiplakat skal også vidare vera retningsgjevande for å utvikle ein overordna felles identitet og byggje kommunen sitt omdøme med felles visjon, verdiar og handlingsprinsipp. Den skal vidare binde saman sektorar og fagområde under same paraply og skape ein felles organisasjonskultur for samarbeid og utvikling. Kultur- og verdiplakat er ein formell erklæring om korleis me ønskjer å ha det i kommunen.»

Politisk og administrativ leiing har eit overordna ansvar for at visjonen og verdiar/handlingsprinsipp vert etterlevde i organisasjonen:



- **Open**  
Me er inkluderande, tilgjengelege og inviterer til medverknad.  
Me legg vekt på god informasjon og kommunikasjon.
- **Nyskapande**  
Me er resultat- og løysingsorienterte for å møte framtida  
Me legg vekt på utvikling, samarbeid og endringsvilje
- **Respektfull**  
Me er venlege og har omtanke for andre  
Me legg vekt på å vera rause, ansvarlege og saklege
- **Brukarorientert**  
Me er utadvendte og imøtekomande  
Me legg vekt på engasjement, tillit og god dialog



## 1.1 Arbeidsgjevarstrategi 2020-2025

Kommunestyret vedtok arbeidsgjevarstrategien i desember 2019. I rådmannen si saksutgreiing heitte det m.a.:

«Arbeidsgjevarstrategien byggjer på arbeidsmiljølova og hovudavtalen sine mål om samarbeid og medverknad. Gjennomføring av strategien er eit felles ansvar. Eit vel- fungerande samspel mellom leiarar og medarbeidarar, og mellom administrasjonen, folkevalde, tillitsvalde og vernetenesta, er ein føresetnad for å nå måla med strategien. Arbeidsgjevarstrategien skal fram mot 2025 vera eit overordna strategidokument som synleggjer og bidreg til ein føreseieleg arbeidsgjevarpolitikk over tid.»

Strategien skal vera førande for kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk og legg opp tre strategiar: Rett kompetanse, Helsefremjande arbeidsmiljø og Kompetent leiing. Den siste seier at Stord kommune skal ha leiarar som er inkluderande, tilgjengelege og som inviterer til medverknad.

Leiing skal utøvast i tråd med Stord kommune sine verdiar og mål, innanfor dei rammene som dei folkevalde og rådmannen set. God og tydeleg leiing må utøvast på alle leiarnivå, slik at effekten kan forplanta seg nedover i organisasjonen. Uansett kva nivå ein er leiar på, har ein ei viktig rolle i utviklinga av kommunen. Stord kommune skal utvikle nytt leiarutviklingsprogram.

Leiarar i Stord kommune skal vera gode arbeidsgjevarar gjennom å:

- følgja opp ansvar og oppgåver i leiaravtalen
- leggja vekt på god informasjon og kommunikasjon
- leggja til rette for utvikling, samarbeid og endring
- vera rause, ansvarlege og saklege
- visa engasjement og tillit
- visa «relasjonelt mot» og vera tilstade for sine tilsette

Det er utarbeida ein eigen handlingsplan for gjennomføring av arbeidsgjevarstrategien.



## **2 Møtestruktur**

Rådmannen skal til ei kvar tid organisera den sentrale leiinga slik at ein på best måte kan takla dei oppgåvene som skal løysast. Det være seg å sikra gode tenester, god og effektiv drift, gode system for styring og rapportering og god samhandling med politisk nivå.

Dei møta som er gjort greie for under er rådmannen sine faste møte med politisk leiing, leiingar, stab og tillitsvalde i Stord kommune. Møta er obligatoriske.

### **2.1 Rådmannen si leiargruppe**

Rådmannen si leiargruppe består av rådmann, kommunalsjefar, økonomisjef, personal- og organisasjonssjef og plansjef. Føremålet med leiargruppa er å medverka til heilskpleg utvikling og styring av kommunen. Leiargruppa sitt mandat er av rådgjevande karakter.

Leiargruppa har møte kvar måndag kl. 09.30-11.00. Saker skal meldast inn til leiarmøtet med eventuell skriftleg utgreiing seinast onsdag før møte. Skriftlege utgreiinga skal som hovudregel ikkje vera på meir enn to A4-sider.

Personal- og organisasjonssjef har ansvaret for sekretariatsfunksjonen til møta, og sender ut innkalling til møte seinast torsdag veka før møte. Referat frå møta skal gjerast tilgjengeleg internt.

Større/overordna saker, prosjekt og prosessar skal som hovudregel leggast fram for leiargruppa på eit tidleg tidspunkt.

Rådmannen si leiargruppe skal få seg førelagt årshjulssaker som:

- Rådmannen si arbeidsliste.  
Ansvar: Rådmannen
- Overordna økonomisaker:
  - budsjett
  - budsjettrevisjonar
  - månadlege økonomirapportarAnsvar: Økonomisjef
- Personalpolitikk, organisasjon:
  - innspel til sentrale lønsforhandlingar
  - lønspolitiske drøftingsmøte
  - årsmeldingAnsvar: Personal- og organisasjonssjef
- Vedlikehald og oppdatering av beredskapsplanverk  
Ansvar: Ass. rådmann (beredskapsansvarleg)

Plansjefen har ansvar for at overordna planverk vert lagt fram for leiargruppa på eit tidleg tidspunkt. Kommunalsjefane har på same måte ansvar for å leggja fram sektorplanar for naudsynte avklaringar og forankring.



## 2.2 Rådmannsteamet

Rådmannsteamet består av rådmann og kommunalsjefar. Teamet har faste møte med ordførar og varaordførar kvar veke, måndagar kl. 14.00-15.00.

Rådmannsteamet inngår i kommunen si kriseleiing og møtest elles ved behov.

Sentrale oppgåver for rådmannsteamet er:

- Overordna leiing
- Kommunal beredskap
- Informasjon og kommunikasjon

## 2.3 Einingsleiarmøte

Einingsleiarmøte består av rådmannen si leiargruppe og einingsleiarar. I tillegg vert hovudtillitsvalde og tilsette på fagkontora inviterte til å delta.

Einingsleiarmøta vert som hovudregel gjennomført tre gonger i halvåret. Møta skal vera ein arena for informasjon og forankring, rådslag, drøftingar og innspel.

Personal- og organisasjonssjef har ansvaret for innkalling for møteinnkalling og sakliste. Det skal settast opp halvårlege møteplanar for einingsleiarmøta.

## 2.4 Trepertssamarbeidet, «Saman om»

Kommunestyret vedtok i 2016 å oppretta eit fast trepartssamarbeid, «Saman om», med politikarar, kommuneadministrasjonen og tillitsvalde.

Samarbeidet har ikkje eit konkret mandat, men i saksutgreiinga til kommunestyret skreiv rådmannen m.a.:

«Det vil kunna stimulera og vidareutvikla samarbeidet mellom partane og medverka til utvikling av drift og nye tiltak. Ein ser for seg aktivitet som m.a. gjeld trivnad og sjukefråvær, heiltidskultur, medarbeidarundersøking, kommunesamanslåing mm.

Ein ser også for seg at tre-partssamarbeidet vil arbeida med konkrete saker som:

- Arbeidet med revisjon av Kultur- og verdiplakaten
- Miljøsertifisering/arbeid med miljø- og klimaplan
- Oppdrag om trivnad og sjukefråvære m.m., gitt i vedtakspunkt i budsjettet for 2016
- Oppdrag om å utvikla ein inkluderanse skule, hindra fråfall m.m., gitt i vedtakspunkt i budsjettet for 2016»

Rådmann, kommunalsjefar og personal- og organisasjonssjef møter fast i trepartssamarbeidet. Andre medlemmer i rådmannen si leiargruppe møter ved behov.

Personal- og organisasjonssjefen har ansvar for innkalling til møte og referat.



## **2.5 Samarbeidsmøte med hovudtillitsvalde**

Rådmannen har faste månadlege samarbeidsmøte med hovudtillitsvalde. Samarbeidsmøta skal vera ein arena for informasjon og forankring, rådslag, drøftingar og innspel.

Rådmann, kommunalsjefar og personal- og organisasjonssjef møter fast i samarbeidsmøtet. Andre medlemmer i rådmannen si leiargruppe møter ved behov.

Personal- og organisasjonssjefen har ansvar for innkalling til møte og referat.

Partane har eit felles ansvar for å setta opp sakliste til møta.

## **2.6 Kommunal kriseleiing (KKL)**

Ved ei større ulukke eller hending kan ordførar og/eller rådmann eller hand stadfortredar setta kriseleiing. Den kommunale kriseleiinga, KKL, består av ordførar, rådmann (leiar), kommunalsjefar og ein representant frå Fellestenester. KKL vil avhengig av utfordringsbilete bli forsterka av t.d brannsjef, kommuneoverlege, lensmann, eller andre.

